



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/5752 - 23/34425

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
04.05.2023

Forberedende klagebehandling - gbnr 141/79 Kvamme nedre

Saka gjeld

Tiltakshavar klaga på sakshandsaming i byggesak, og dermed faktura som vart gjeve i tilknytning til denne saka. Det er vist til at nabotilhøve medførte auka sakshandsamingstid. Vidare er det vist til at gebyr bør reduserast grunna brot på sakshandsamingsfrist.

Det er vidare spesifisert at gebyr for mangelbrev ikkje kan gjere seg gjeldande, ettersom dette er knytt til eit gjerde på nabotomt.

Vurdering:

Det er vurdert at klage er fremja av part i sak, og at klage er retta mot eit enkeltvedtak, jf. Fvl.§2 bokstav b) og e). Det er følgjeleg vurdert at det er klagerett på den aktuelle klaga, jf. Fvl.§28.

Klage - reduksjon av gebyr

Dersom det skal vere grunnlag for reduksjon/bortfall av gebyr, må det ligge føre grunnlag for dette etter byggesaksforskrifta (SAK10) §7-6. Det går fram av SAK10 §7-6 at ved brot på tidsfrist i sak etter SAK10 §7-4 bokstav a), pbl.§21-7 første og fjerde ledd, skal kommunen tilbakebetale 25% av det totale gebyret for kvar påbyrja veke etter tidsfristen er broten.

Det er på det reine at denne saka ikkje fell inn under SAK10 §7-4 bokstav a) eller pbl.§21-7 fjerde ledd, ettersom desse omfattar søknad om dispensasjon. Spørsmålet er dermed om saka fell inn under pbl.§21-7 første ledd, og om tidsfrist er broten.

Det går fram av pbl.§21-7 første ledd at sak skal avgjerast av kommunen innan 12 veker etter at fullstendig søknad ligg føre, med mindre anna følgjer av andre eller tredje ledd. I det konkrete tilfellet er det andre ledd som er relevant, ettersom det er tale om søknad om tiltak med ansvarsrett etter pbl.§20-3. I den konkrete saka ligg det føre merknad frå nabo, samt samtykke for plassering nærmare nabo enn 4 meter. Sak vert dermed ikkje omfatta av unntaket i andre ledd som føreset at det ikkje er nabomerknad, og at tiltak er i samsvar med lov. Utgangspunktet er dermed at sak skal handsamast innan 12 veker etter «fullstendig søknad foreligger» jf. Pbl:§21-7 første ledd. Dersom denne tidsfristen er broten, er det grunnlag for reduksjon/bortfall av gebyr.

Det er i mangelbrev av 25.10.2022 vist til at det manglar målsett teikning/kart som viser avstand frå sprengd fjell til nabogrense. Dette er vurdert til å vere informasjon som er naudsynt for å kunne handsame søknad, sett bl.a. mot avstandskrav i pbl.§29-4. I supplering vart dette svart ut, og det var lagt ved naboerklæring for plassering 0 meter frå nabogrense. Søknad er vurdert komplett først 07.11.2022. Frist er 12 veker frå denne dato, den 30.01.2023. Vedtak i sak er datert 07.11.2022.

Saka er vurdert som handsama innanfor tidsfrist, og det er ikkje grunnlag for tilbakebetaling av gebyr jf. SAK10 §7-6.

Klage på mangelbrev

Efterspurt dokumentasjon i mangelbrev er vurdert som naudsynt for sakshandsaming av byggesaka. Det følgjer direkte av gebyrregulativ at det skal fakturerast for slike mangelbrev.

Alver kommune kan ikkje sjå at det har kome inn nye moment i klagen som tilseier ei anna vurdering ved fastsetting av gebyr i saka enn den som ligg til grunn.

Klagen vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Med venleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjever

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på faktura 50003439 i sak: 1531173965 - gbnr 141/79 Kvamme nedre
Fakturagrunnlag - gbnr 141/79 Kvamme nedre
Tilleggsopplysningar - GBNR 141/79 Kvamme nedre
E-2 revidert terreng-skråning mot nabo
Q-3 Naboerklæring skråning
Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 141/79 Kvamme nedre
Førespurnad vedr. tiltak - gbnr 141/79 Kvamme nedre
Orientering til merknad i saka - gbnr 141/79 Kvamme nedre
Orientering med omsyn til nabomerknad - gbnr 14179 Kvamme nedre
Løyve til oppføring av bustad og terrengmur - gbnr 141/79 Kvamme nedre
Søknad om tillatelse til tiltak - GBNR 141/79 Kvamme nedre
D-1 Situasjonsplan
D-2 Illustrasjon
D-3 Snitt natursteinsmur
D-4 Situasjonsplan
E-1 - E-3 Byggesøknadstegninger
Merknad til nabovarsel - gbnr 141/79 Kvamme nedre
Søknad om tillatelse til tiltak GBNR 14179 Stølhaugane i Alversund
Q-1 - Q-2 Naboerklæringar
I-1 Godkjent søknad om dispensasjon - gbnr 14179 Kvamme nedre

Kopi til:

Kopi til:

Kjetil André Nordbø Kvalheim
Majo Eigedom As

Kråkenesdalen 147
Lindåsvegen 154

5153
5916

BØNES
ISDALSTØ

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER